



DEN NORSKE KIRKE

Alver kyrkjelege fellesråd

Møteinnkalling

Alver kyrkjelege fellesråd

Møtedato: 25.03.2021 kl. 15:30

Møtested:

Arkivsak: 19/05178

ISDALSTØ, 16.03.2021

John Fredrik Wallace
Sekretær

**DEN NORSKE KYRKJA**

Alver kyrkjelege fellesråd

Saksliste

Alver kyrkjelege fellesråd

Møtedato: 25.03.2021 kl. 15:30

Møtestad: Radøy kyrkjekontor, Idrettsvegen 1A, Manger

Arkivsak: 19/05178

Meld eventuelt forfall snarast på tlf +47 48284872 eller e-post jw734@kyrkja.no.
Vararepresentanter møter etter nærare melding frå møtesekretær.

SAKSLISTE**Godkjenning av innkalling og saksliste****Godkjenning av protokoll****Saker til behandling**

6/21	21/01325-1	Årsmelding 2020 for Alver kyrkjelege fellesråd
7/21	21/01325-2	Årsrekneskap 2020 for Alver kyrkjelege fellesråd
8/21	21/00762-2	Vedlikehaldsplan for kyrkjene i Alver
9/21	20/05262-5	Mandat for prosjektgruppe for ny kyrkje på Frekhaug
10/21	21/01676-1	Prosjekt Ny gravplass Lindås - status

Orienteringssaker

11/21	21/01678-1	Orientering om felles kyrkjeblad i Alver
-------	------------	--

Eventuelt

Knarvik, 16.03.2021

Med helsing
John Fredrik Wallace
møtesekretær



DEN NORSKE KYRKJA

Alver kyrkjelege fellesråd

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar	Klasse	Saksmappe	Gradering
John Fredrik Wallace		21/01325-1	Ugradert

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Alver kyrkjelege fellesråd		25.03.2021

Årsmelding 2020 for Alver kyrkjelege fellesråd

Saksframlegg

Her er forslag til Årsmelding 2020:

«Årsmelding 2020 for Alver kyrkjelege fellesråd

Årsmeldinga skal, saman med årsrekneskapen, gje ei oppsummering av dei viktigaste sakene som fellesrådet har handsama i året som gjekk.

Samansetting

Fellesrådet har i året 2020 vore slik samansett:

- Grethe Lunde, Radøy sokn (leiar)
- Bent-Gunnar Næss, Meland sokn (nestleiar)
- Turid Kirsten S. Tvedt, Lindås sokn
- Ole D. Hagesæther, Knarvik sokn
- Alf Magnar Angelskår, Osterfjorden sokn
- Helge Taranrød, geistleg representant
- Astrid Aarhus Byrknes, kommunal representant

Fellesrådet har i 2020 handsama 50 saker i 6 møte.

Fellesrådet har valt AU:

- Grethe Lunde (leiar) og Bent-Gunnar Næss.

Fellesrådet har valt medlemmer til administrasjonsutvalet:

- Bent-Gunnar Næss (leiar), Grethe Lunde og Turid S. Tvedt. Frå dei tilsette: Linda Lunga og Ruben Sæle.

Rådet har eit arbeidsmiljøutval (AMU), med representanter frå administrativ leing og verneombod for dei tilsette: John Fredrik Wallace (leiar), Anne Sofie Uthaug, Bjørn Furukawa og Wilco Vogelaar. AMU har eit godt samarbeid med prost Helge Taranrød og verneombod for prestane, Torbjørn Aamli.

Viktige saker i fellesrådet

Korona

2020 blei koronaåret, og det meste blei stengt etter 12. mars. I periodar har kyrkjene vore opne, og nokon aktiviteter har vi kunne gjennomføra, men på mange måtar har året vore krevjande og annleis. Då året starta tenkte vi at 2020 blir eit samanlikningsår for komande planar – 0-året, både for økonomi og personal, men i staden blei året unntaket frå normalen. Håpar vi.

Smittvernreglar, sprit og vasking, telling av sete, omtelling av sete, munnbind, heimekontor og digitale møter, digital påmelding til gudstenester, og digitale gudstenester og podstar. Mykje måtte endrast, og mange blei slitne. Men andre fant energi i nye arbeidsformer, og fekk vist fram nye sider av seg sjølv.

Undervegs har vi nok mista nokon av dei som treng kyrkja mest, og nokon av dei som før har vore trufaste – men litt i periferien. Det kan bli ein utfordring å få dei tilbake. Økonomisk blei alt usikkert, sjølv om det å vere kobla til månadlege tilskot frå kommunen har vore ein tryggleik. Men svikt i andre inntekter og nye utgifter har gjort koronaåret utfordrande.

Økonomi

Drift. Rekneskapet frå rekneskapsførar i Aider (tidligere Tet og Akasia), viser eit mindreforbuk i drift på kr 1,1 mill, og ei udekket investering på om lag kr 1 mill.

I forhold til driftsresultatet frå 2. tertial, då det såg ut til å gå mot eit overforbruk i drifta, er resultatet klart forbetra. Det skuldast dels ein kraftig innsats i haust for å hente inn meir i festeavgift, og ei forsiktig haldning til utgifter som blei forsterka av mange avlyste aktivitetar, lågare rente og mindre innbetaling til KLP. I sum ga det fellesrådet eit litt overraskande overskot (mindreforbuk) på 1 mill kr, som kan bli overført til disposisjonsfond. Med tanke på at vi starta året med ein tom bankkonto og udekket underskot frå Lindås KF frå 2019, skapar det no ein tryggare situasjon.

Vi må også nemne at kommunen i 2020 gav to eingongstilskot til drift, kr 660.000 i juni (til auka driftsutgifter) og kr 350.000 i haust (koronakompensasjon). Uten desse beløpa hadde ikkje fellesrådet hatt overskot i 2020 på trass av auka festeavgift mm. Vi startar på 2021 med å vere litt usikre. Utan ekstra tilskot frå kommunen og meir «normal» festeavgift kan året blir krevjande.

Når det gjeld vedlikehald av kyrkjene såg året 2020 mørkt ut i starten. Det vesle vi hadde av eigne pengar blei stort sett brukt opp før sommaren. Av statens koronapengar til lokal sysselsetting i 2020, som kommunen forvaltar, fekk kyrkja, etter søknad, tildelt kr 3.5 mill. Hausten gjekk med til å inngå avtaler med lokale handtverkarar og starte det første arbeidet. Resten av korona-arbeidet skjer i 2021.

Investering. Vi var usikre på om vi i det heile tatt hadde pengar å investera for då vi starta, og hausten 2019 blei det ikkje laga eit investeringsbudsjett for 2020. Fellesrådet har ikkje vedtatt investeringsbudsjett.

I 2020 var det arbeid/investeringar i Manger kyrkje, som Radøy hadde vedtatt då dei var eige fellesråd. Dette arbeidet blei slutført i 2020, og utgiftene derfor flytta over til Alver fellesråd sitt 2020-rekneskap. Som rekneskapen viser er det ei udekket investering pålydande kr 937.984, denne blir betalt av to kapitalfond.

Personalsituasjon og organisasjon

Det er godt å ha dyktige og erfarne leiarar, det er bra både for dei tilsette og sokna. Med driftsleiar på plass som siste, så er leiarkabalen ferdig. Fellesrådet gjennomførte ei enkel evaluering av organisasjonen i 2020, og heldt fast på, etter det, at vi fortsatt skal ha fem leiarar med formelt personalansvar. Det kan vera krevjande i periodar, men vi må vege fleire omsyn mot kvarandre.

Fleire langvarige sjukefråvæer har påverka drifta i fleire av sokna i 2020. Det fører óg til auka press på andre tilsette, og meir behov for vikarar. Det er ikkje meldt om at sjukefråværa skuldast arbeidsmiljøet. Dei fleste med lange sjukefråvæer er no heldigvis tilbake i arbeidet sitt.

Nokon fast tilsette har slutta, og det er gjort ein stor innsats for å tilsette nye. Personalfokuset blir forsterka av at fellesrådet har vedtatt at 70 år er pensjonsalder. Vi får ei viss personalutskifting i åra framover. Til ein viss grad er det bra med nye ressursar, men det krev også opplæring mm. Særleg til småstillingar, ma. som kyrkjetenar, ser vi at det kan vera vanskeleg å få kvalifiserte søkjarar. Vi har inga enkel løysing på det.

Det er etablert ei gruppe med tillitsvalde som representerer dei fleste fagorganisasjonene. Dei tillitsvalde har tatt ei aktiv rolle, og bidrar veldig positivt i forhold til enkelttilsette og organisatoriske saker. Det har vore fleire møter mellom administrativ leiing og dei tillitsvalde.

I 2020 gjennomførte AMU ei digital arbeidsmiljøundersøking for alle tilsette - både prestar og tilsette i fellesrådet. Den er presentert for og drøfta med dei tilsette og fellesrådet. Undersøkinga syner mykje som var bra, men også saker å arbeide vidare med.

Sett frå kyrkjeverja si side er det riktig å peike på at den desentraliserte organisasjonsstrukturen, med heile 6 kontorstader/stabar, også har ei baksida. Sjølv om sokna og fellesrådet fastheld at det er slik organiseringa skal sjå ut framover, må det bli peika på at oppdelinga i 6 arbeidsmiljø, 6 rekneskap, 6 nettstader ++, fører til ein litt uoversiktleg, sårbar og ineffektiv organisasjon.

Gravplass og kyrkjebygg

I Alver har vi 25 gravplassar, 14 kyrkjer og nokre andre bygg. Ikkje alle gravplassane er i aktiv bruk, men det er store område og mange gravferder som skal bli administrert.

I 2020 har vi sett ned 29 urner og 133 kister. Den varsla auka i døde på grunn av korona kom ikkje til Alver, heldigvis.

Ei stor endring er at vi hausten 2020 overtok ansvaret for Meland gravplass, som hadde vore eit kommunalt ansvar. Meland sokn er stort, og det er mange årlege gravferder. I samband med overtakinga fekk kyrkja økonomisk kompensasjon frå kommunen.

Digital satsning

2020 var året med stengde kyrkjer, og sterk begrensning i antall der det framleis var ope. Mange brukarar av kyrkja blei stengt ute. Både i Alver og resten av landet blei det stort fokus på digitale produksjonar. Vi er heldige som har fleire tilsette med god digital kunnskap og stor interesse for digital produksjon, til glede for alle sokna/Nordhordland. Påske, 17. mai og jul var høgtider med digital produksjon av høg kvalitet. I tillegg blei det produsert både podar og digitale konsertar og mindre gudstenester og andaktar.

Fellesrådet fekk litt økonomisk støtte fra Kyrkjerådet til film- og lydutstyr.

Kommunen

Det er heilt nødvendig med aktiv dialog med Alver kommune, både med politisk og administrativ leiing. Det eine er kommunen si lovmessige plikt til finansiere mykje av kyrkja si drift, kyrkjevedlikehald og gravplassdrift, det andre er behovet for samarbeid. Aktiv kommunal deltaking i fellesrådet, gode møte med politisk leiing og rask respons frå administrasjonen på henvendinger frå kyrkja, gjer at vi skryt av kommunen for det krevjande året vi har bak oss.

Men det betyr ikkje at samarbeidet ikkje kan bli endå betre, og det ansvaret ligg på begge partar.

Sokna

Det er fem gode og aktive sokneråd i Alver.

Møta i fellesrådet bidrar til kunnskapsdeling mellom sokna. Det er gjort forsøk på å samle leiarane i sokna og fellesrådet til «strategidrøfting», men til no har det berre vore eitt innleiande møte. Med unntak av den digitale satsinga då alle var stengt ned, må ein med rette kunne seie at samarbeidet på tvers har vore lite. Det er også lite direkte kontakt og samarbeid mellom fellesrådsadministrasjon/ kyrkjeverje og sokneråda.

Det er håp om at samarbeidet på nokon områder vil bli betre i 2021.

Den administrative leiargruppa gjer forsøk på å skape like regler, retningslinjer og oppfølging mellom alle stabane/sokna.»

Forslag til vedtak

Fellesrådet godkjenner Årsmelding 2020 for Alver kyrkjelege fellesråd



DEN NORSKE KYRKJA

Alver kyrkjelege fellesråd

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar	Klasse	Saksmappe	Gradering
John Fredrik Wallace		21/01325-2	Ugradert

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Alver kyrkjelege fellesråd	7/21	25.03.2021

Årsrekneskap 2020 for Alver kyrkjelege fellesråd

Vedlegg:

Årsrekneskap med noter 2020 Alver

Saksframlegg

Vi legg fram første Årsrekneskap frå Alver kyrkjelege fellesråd. Det var med ei viss spenning, både fordi vi er ny organisasjon, og fordi korona-restriksjonar har ført til så mange endringar i drifta.

Kommentarane er stort sett dei same som i årsmeldinga (sak 6/21).

Driftsrekneskapet.

Rekneskapet frå rekneskapsfører i Aider (tidligere Tet og Akasia), viser eit mindreforbuk i drift på kr 1.178.451,- og ei udekkta investering på kr 937.984.-

Ut frå driftsresultatet etter 2. tertial såg det ut til å gå mot eit overforbruk i drifta. Heldigvis er resultatet klart forbetra. Det skuldast dels ein kraftig innsats i haust for å hente inn meir i festeavgift, og ei generelt forsiktig haldning til utgifter. Det blei forsterka av mange avlyste aktivitetar, lågare rente og mindre innbetaling til KLP. Det kom også ein del meir i sjukepengerefusjon, og det vart ei avgrense bruk av vikarar.

I sum ga det fellesrådet eit litt overraskande overskot (mindreforbruk) på kr 1,1 mill. Vi foreslår at summen blir overført til disposisjonsfond. Med tanke på at vi starta året med ein tom bankkonto og udekkta underskot frå Lindås KF frå 2019, skapar det no ein tryggare situasjon.

Vi må også nemne at kommunen i 2020 gav to eingongstilskot til drift, kr 660.000 i juni (til auka driftsutgifter, etter søknad) og kr 374.000 i haust (koronakompensasjon, etter søknad). Uten desse beløpa hadde ikkje fellesrådet hatt overskot i 2020 på trass av auka festeavgift mm. Dei auka driftsutgiftene på kr 660.000 får vi også i 2021, men kommunen har på førehand sagt at fellesrådet berre får dei utgiftene kompensert i 2020. Vi startar derfor på 2021 med å vere litt usikre. Utan ekstra tilskot frå kommunen og meir «normal» festeavgift kan året blir krevjande.

Når det gjeld vedlikehald av kyrkjene såg året 2020 mørkt ut i starten. Det vesle vi hadde av eigne pengar (kr 180.000) blei stort sett brukt opp før sommaren. Av statens koronapengar til lokal sysselsetting i 2020, ga kommunen kyrkja kr 3.5 mill. Hausten gjekk med til å inngå avtaler med lokale handtverkarar og starta det første arbeidet. Resten av korona-arbeidet skjer i 2021.

Investeringsrekneskapet.

Vi var usikre på om vi i det heile tatt hadde penger å investera for då vi starta, og hausten 2019 blei det ikkje laga eit investeringsbudsjett for 2020. Fellesrådet har ikkje vedtatt investeringsbudsjett.

I 2020 var det arbeid/investeringar i Manger kyrkje, som Radøy hadde vedtatt då dei var eige fellesråd. Dette arbeidet blei slutført i 2020, og utgiftene derfor flytta over til Alver fellesråd sitt 2020-rekneskap. Som rekneskapen viser er det ei udekka investering pålydande kr 937.984, det kan bli betalt av to kapitalfond.

Forslag til vedtak

Fellesrådet godkjenner Årsrekneskap 2020 for Alver kyrkjelege fellesråd.

Mindreforbruk drift på kr 1.178.451,- blir satt på disposisjonsfond (5560002)

Udekka investering pålydande kr 937.984,- blir dekket slik:

- kr 206.685,- frå 5530002 Ubundne investeringsfond (Radøy sokn)
- kr 731.299,- frå 5530002 Kapitalfond



Alver Kyrkjelege Fellesråd
Lonsvegen 1
5914 Isdalstø

Bergen 10.02.2021

Herved oversendes årsregnskapet for Alver Kyrkjelege Fellesråd.

Totalregnskapet består av følgende:

Årsregnskap drift

Årsregnskap investering

Årsregnskap balanse

Noter

Regnskapet viser et mindreforbruk totalt på 240 467, mindreforbruk i drift på 1 178 451 og udekket i investering på 937 984. Det er noe avvik pga. korona. Sammenlignet med budsjett i drift er det store avvik på følgende:

Inntekter: Nedgang i leieinntekter (127') og refusjon fra menighetsråd (276'). Økning i festeavgifter (1 023'), i avgiftspliktig salg (66'), sykepenger (830'). Refusjon fra NAV (66') mangler i budsjett.

Utgifter: Nedgang i porto (28'), informasjonstiltak (23'), kurs, utdanning og seminar (47) og strøm (118). Økning i kjøp av arbeidstøy (64'), telefoni (23'), datakommunikasjon (119'), kilometergodtgjørelse (86'), driftsutgifter egne biler (48'), kopieringsavtale (27'), inventar og utstyr (110'), leie, leasing, kjøp av maskiner (118') og regnskapsførsel ((175')).

Avvik: Mangler budsjett i investering.
Tilskudd i drift mottatt iht. tilstandsrapporter (250'), Utgiftsført (155),
Resten blir utført i 2021 (95')

Balansen signeres av kirkevergen og leder av soknet før overlevering til revisjon. Det er fint om vi holdes orientert om dato for oversendelse til revisor.

Vi ber om å få tilsendt kopi av fastsettingsvedtak og signert balanse.

Med vennlig hilsen

Siri Njøten
Rådgiver, system

55 55 33 19
Siri.njoten@aider.no

Alver Kyrkjelege Fellesråd

Årsregnskap 2021

Driftsregnskap

Alver Kyrkjelege Fellesråd

	Note	Regnskap 2020	Regulert budsjett 2020	Opprinnelig budsjett 2020	Regnskap 2019
Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter		-3 052 019		-2 062 750	
Refusjoner/overføringer		-3 011 441		-1 390 000	
Statlige tilskudd		-2 551 750		-1 990 000	
Rammeoverføring/tilskudd fra egen komm.		-29 770 633		-25 185 000	
Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler		-107 821		-120 000	
Sum driftsinntekter		-38 493 664	-	-30 747 750	-
Lønn- og sosiale utgifter		20 331 415		20 678 423	
Kjøp av varer og tjenester		8 736 619		6 549 327	
Refusjoner/overføringer		1 679 779		250 000	
Kalkulatoriske utg. ved komm. t.jyting					
Tilskudd og gaver		322 002			
Sum driftsutgifter		31 069 815	-	27 477 750	-
BRUTTO DRIFTSRESULTAT		-7 423 849	-	-3 270 000	-
Renteinntekter og utbytte		-8 923			
Renteutgifter og låneomkostninger		703 063		1 050 000	
Avdrag på lån	5	2 220 000		2 220 000	
Utlån, kjøp av aksjer og andeler mv					
Netto finansinntekter/-utgifter		2 914 140	-	3 270 000	-
Avskrivninger	5	2 697 017			
Motpost avskrivninger	5	-2 697 017			
NETTO DRIFTSRESULTAT		-4 509 709	-	-	-
Bruk av udisponert fra tidligere år (oversk.)		-242 215			
Bruk av disposisjonsfond	3	-1 088 447			
Bruk av bundne fond	3	-205 000			
Sum bruk av avsetninger		-1 535 662	-	-	-
Avsatt til dekning for tidligere år (undersk.)		1 124 704			
Avsatt til disposisjonsfond	3	3 742 215			
Avsatt til bundne fond					
Sum avsetninger		4 866 919	-	-	-
REGNSKAPSMESSIG MINDREFORBRUK/ REGNSKAPSMESSIG MERFORBRUK		-1 178 452	-	-	-

Investeringsregnskap

Alver Kyrkjelege Fellesråd

	Note	Regnskap 2020	Revidert budsjett 2020	Opprinnelig budsjett 2020	Regnskap 2019
Investeringer i anleggsmidler		1 949 548			
Utlån, kjøp av aksjer og andeler o.l.	6	76 251			
Avsetninger	3	1 000			
Årets finansieringsbehov		2 026 799	-	-	-
Refusjoner		-314 125			
Tilskudd til investeringer		-631 691			
Sum ekstern finansiering		-945 815	-	-	-
Overført fra driftsregnskapet					
Bruk av avsetninger	3	-143 000			
Sum finansiering		-1 088 815	-	-	-
Udekket/Udisponert		937 984	0	0	0

Balanse

Alver Kyrkjelege Fellesråd

	Note	2020	2019
Aneggsmidler		193 593 090	-
Faste eiendommer og anlegg	6	190 930 565	
Utstyr, maskiner og transportmidler	6	1 832 144	
Aksjer og andeler	6	830 381	
Omløpsmidler		14 474 685	-
Kortsiktig fordringer		1 839 798	
Kasse, bankinnskudd		12 634 887	
SUM EIENDELER		208 067 776	-
Egenkapital		-152 394 409	-
Dipsosisjonsfond	3	-3 255 937	
Bundne driftsfond	3	-2 392 401	
Bundne investeringsfond	3	-974 415	
Ubundne investeringsfond	3	-103 069	
Regnskapsmessig mindreforbruk		-1 178 451	
Regnskapsmessig merforbruk			
Udekket i investeringsregnskapet		937 984	
Kapitalkonto	5	-145 428 120	
Langsiktig gjeld		-48 164 970	-
Annen langsiktig gjeld	6	-48 164 970	
Kortsiktig gjeld		-7 508 397	-
Annen kortsiktig gjeld		-7 508 397	
SUM EK OG GJELD		-208 067 776	-

10.02.2021

John Fredrik Wallace
 Kirkeverge Alver Kyrkjelege Fellesråd

 Fellesrådsleder

Note 1: Regnskapsprinsipper og vurderingsregler

Rekneskapet for soknet er ført i samsvar med Forskrift om økonomiforvaltning fastsett av kultur- og kyrkjedepartementet 25. september 2003 og god kommunal rekneskapsskikk. Dei kommunale rekneskapsprinsippa inneber mellom anna at inntekter og utgifter er ført etter bruttoprinsippet og utgifter/inntekter er ført etter det såkalla anordningsprinsippet som betyr at alle *kjente* inntekter og utgifter vert tekne med i drifts- eller investeringsrekneskapen. I balanserekneskapen er omløpsmidlar vurdert etter lavaste verdi sitt prinsipp. Anleggsmidlar er vurdert til anskaffelseskost. Anleggsmidlar som har avgrensa økonomisk levetid er avskreven med like store årlege beløp over anleggsmiddelet si levetid. Sjå elles eigen note om anleggsmidlar.

Note 2: Kommunesammenslåing

Radøy, Meland og Lindås kommune ble slått sammen til Alver kommune med virkning fra 1. januar 2020. Som følge av kommunesammenslåingen ble Alver kyrkjelege fellesråd opprettet, og har 5 sokn under seg, Meland, Radøy, Knarvik, Osterfjorden og Lindås. Lindås Kyrkjelege Fellesråd ble avviklet. Meland sokn og Radøy sokn ble omgjort fra etsoknsfellesråd til sokn. Knarvik sokn inneholder 4 tidligere sokn, Knarvik, Alversund, Seim og Lygra. Lindås sokn inneholder 3 tidligere sokn, Lindås, Hundvin og Myking. Osterfjorden sokn ble videreført slik den var.

Fellesrådets ansvarsområde er kirker og gravplasser. Alt som tidligere tilhørte Lindås Kirkelige Fellesråd er flyttet til Alver Kyrkjelege fellesråd. Følgende er flyttet fra Radøy Sokn og Meland Sokn: Alle kirkene, gravplassene og fondene som naturlig tilhører fellesrådet sitt regnskap. All lønn, drifting/vedlikehold/påkostning av kirker og gravplasser, samt administrasjonsutgifter.

Note 3: Avsetningar

Spesifikasjon over fond, avsetning til og bruk av fond 2020

Konto	Type fond	IB	Overført	Årets avsetningar	Årets bruk av avsetningar	UB
5.56-5.58	Disposisjonsfond	0	602 169	3 742 215	1 088 447	3 255 937
5.51-5.52	Bundne driftsfond	0	2 597 402		205 000	2 392 402
5.53-5.54	Ubundne investeringsfond	0	974 415			974 415
5.55-5.55	Bundne investeringsfond	0	245 069	1 000	143 000	103 069
	SUM:	0	4 419 055	3 743 215	1 436 447	6 725 823

Note 4: Balanse overført til Alver kyrkelege fellesråd

<u>Konto</u>	<u>Lindås KF</u>	<u>Meland</u>	<u>Radøy</u>	<u>Totalt</u>
5100001	1 500			1 500
5102001	3 103 098	3 061 836	1 199 110	7 364 044
5109801	385 720		35 024	420 744
5131411	167 502			167 502
5145001	336 585			336 585
5147001	342 667		50 000	392 667
5151000	83 825			83 825
5151003	11 819			11 819
5210001	485 839	159 403	106 888	752 130
5210002	1 000	1 000		2 000
5240000	753 999	116 025	1 007 739	1 877 763
5270000	167 138 466	404 454	24 232 496	191 775 416
5342001 -	387 024		- 10 647	- 397 671
5347000 -	1 315 329			- 1 315 329
5347520 -	719 259	- 277 725	- 423 050	- 1 420 034
5351405 -	150 482	- 46 387	- 63 241	- 260 110
5357001 -	3 057	- 1 172		- 4 229
5357501 -	1 067 248	- 328 981	- 448 519	- 1 844 749
5452001 -	41 476 620			- 41 476 620
5452002 -	7 333 350			- 7 333 350
5452003			- 1 575 000	- 1 575 000
5510001 -	225 230			- 225 230
5510002 -	205 000			- 205 000
5510003		-2 015 790		- 2 015 790
5510004		- 19 390		- 19 390
5510009			- 107 680	- 107 680
5510010			- 24 312	- 24 312
5530001 -	767 730			- 767 730
5530002			- 206 685	- 206 685
5550001 -	71 607			- 71 607
5550002 -	173 462			- 173 462
5560001 -	190 755			- 190 755
5560002 -	39 022			- 39 022
5560003		- 372 392		- 372 392
5590000	1 124 704			1 124 704
5595000 -	242 215			- 242 215
5599001 -	119 569 335	- 680 882	-23 772 122	- 144 022 339

Note 5: Transaksjonar ført mot kapitalkonto

<u>Dato</u>	<u>Beløp</u>	<u>Tekst</u>
01.01.2020	0	IB
I løpet av året	-144 022 339	Overføring
I løpet av året	-1 591 548	Aktivering eiendom
I løpet av året	-215 000	Kjøp av biler, maskiner, inv., utstyr
I løpet av året	-76 251	Egenkapitaltilskudd
I løpet av året	2 697 017	Avskrivning
I løpet av året	-2 220 000	Avdrag lån
31.12.2020	-145 428 121	UB

Note 6: Anleggsmidler

Konto 5270000 Faste eiendomar og anlegg

IB	0
Overført	191 775 416
Redskapshus Manger	32 261
Manger kirke	863 926
Alversund kyrkjegard	87 500
Lindås kyrkjegard	607 860
Årets avskrivning	-2 436 398
Balanseført verdi 31.12.2020	190 930 566

Konto 5240000 Utstyr, maskiner og transportmiddel

IB	0
Overført	1 877 764
Bil SX14065	215 000
Årets avskrivning	-260 619
Balanseført verdi 31.12.2020	1 832 145

Konto 5210001 Egenkapitalinnskudd KLP

IB	0
Overført	752 130
årets egenkapitalinnskudd	76 251
Balanseført verdi 31.12.2020	828 381

Konto 5210002 Aksjer

IB	0
Overført	2 000
Balanseført verdi 31.12.2020	2 000

Lån KBN

IB	0
Overført	-50 384 970
Avdrag	2 220 000
Balanseført verdi 31.12.2020	-48 164 970

Note 7: Korona

I mars 2020 kom korona og det har ført til noe avvik både i inntekter og utgifter.

Note 8: Gravlegat

Gravlegat er med i regnskapet fordi det er anbefalt, men som balanseposter. Det har derfor ingen resultateffekt. Konto 5347520 er motpost til bankkontoen gravstell og avstemmes mot Gravlund.

Note 9: Daglig leder sin lønn

Daglig leder/kirkevergen har en årslønn på kr 739 561.



DEN NORSKE KYRKJA

Alver kyrkjelege fellesråd

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar	Klasse	Saksmappe	Gradering
John Fredrik Wallace	700	21/00762-2	Ugradert

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Alver kyrkjelege fellesråd	8/21	25.03.2021

Vedlikehaldsplan for kyrkjene i Alver

Vedlegg:

Vedlikeholdsbehov kyrkjer i Alver - tabelloversikt TG3 og maling-2022-2025

Vedlikehald. Tekstdel TG3- Vedlikehald pr kyrkje

Investering AKF 2022.UU

Saksframlegg

Vedlikehald kyrkjene i Alver – Prioritering.

Alver kyrkjelege fellesråd har 14 kyrkjer. I tillegg har vi også ansvaret for ein del mindre bygg som er knytta til gravplassane. Med så mykje bygningsmasse føl det også eit stort behov for kontinuerleg vedlikehald. Når det nye fellesrådet starta i 2020 vart det sett av kr 180.000 på posten vedlikehald bygg og anlegg. Det oppstår alltid feil og manglar som ikkje kan ignoreras eller utsetjast. Summen vart som venta brukt opp før sommaren, utan at det vart utført større planlagt vedlikehald.

I møter med kommunen peika vi på at det var heilt naudsynt med meir pengar til vedlikehald. Alver kommune ønska på si side at vi la fram ein *verdibevarande vedlikehaldsplan* for kyrkjene. Fellesrådet rådde ikkje sjølv over kompetanse til å utarbeide planen, og vi fekk etter søknad ei ekstraløyving på kr 250.000 frå kommunen til dette arbeidet. Vi engasjerte deretter Karl Atle Taule/Ing.Taule AS for å gå gjennom kyrkjebygga og utarbeide tilstandsanalysar. Dette er eit omfattande arbeid som har tatt ein del tid, men som no går mot slutten.

Dei tre gamle fellesråda hadde ikkje tidlegare hatt ein slik gjennomgang, og tilstands-analysane har gjeve oss verdifull kunnskap om korleis det står til og behov for vedlikehald. Vi er no i stand til å prioritere og lage plan for framtidig vedlikehald på ein meir treffsikker måte.

For å få fart på norsk økonomi etter koronakrisa fekk kommunane mykje midlar frå staten, ma. ekstra vedlikehaldsmidlar for å styrke lokal sysselsetting. Etter søknad til Alver kommune fekk fellesrådet tildelt kr 3,5 mill. av kommunen sin pott til dette arbeidet. Eit vilkår knytta til midlane var at arbeidet skulle utførast eller kontraktsfestast i 2020. Hausten gjekk med til å inngå avtaler med lokale handtverkarar og starte det første arbeidet. Resten av korona-arbeidet skjer i 2021.

På dette tidspunkt hadde vi ferdig tilstandsanalysar for Meland, Lindås, Ostereidet og Lygra kyrkjer. På grunn av tidsfrist for inngåelse av kontraktar vart desse kyrkjene prioritert, og vi meiner at alt kritisk vedlikehald for desse bygga no kan verta ferdigstilt med dei midlane vi rår over. Desse fire kyrkjene er derfor ute av TG3-lista, og merka med grøn farge i vedlagt rekneark over TG2-tiltak.

Vi fekk i tillegg også utbedra det elektriske anlegget i ein del kyrkjer etter pålegg fra BKK.

Når det gjeld kva som skal prioriterast framover syner vi til vedlagt liste fra Ing.Taule AS fra 24.02.2021, samt « Oversikt TG3 – Prioritert rekkefølge». Dei 6 kyrkjene som er navngitt i notatet har høgast prioritet: Hjelmås, Hundvin, Manger, Hordabø, Sæbø og Alversund. Dei øvrige er rimeleg likestilte med tanke på tidshorisont for «strakstiltak». Desse kan ein f. eks. tilpasse til vedlikehald som er utført og når det skal malast på nytt for å unngå doble kostnader til stillas og rigg etc. slik det er tilrådd i vedlegget. *På fellesrådsmøte 25.03 vil vi gjennomgå og forklare den foreslåtte rekkefølgen.*

I tillegg til å vurdera behov for vedlikehald, har Taule også sett på behov for tiltak til universell utforming (UU), i alle kyrkjene. UU er viktig, også for kommunen. I nokon kyrkjer er det allereie UU, men det er behov for investeringar i tiltak dersom alle kyrkjene skal bli gode nok. I eit eige vedlegg er TG3-arbeid til UU summert til ca kr 400.000. Dette ønsker vi å søka kommunen om.

Vi har også sett på automatisk varmestyring, som er viktig for rasjonell og effektiv kontroll på varmen i kyrkjene. På dette området har vi kommet et godt stykke, men som vi kan sjå i tabellen bør vi investera for om lag kr 500.000 i varmestyring. Dette må vi søke kommunen om.

Til slutt må vi nemne at sjølv om kommunen gjennom lova har plikt til å finansiere kyrkja si drift inkludert midlar til vedlikehald, er det heilt nødvendig med aktiv dialog med Alver kommune, både med politisk og administrativ leiing. Vi må, som kommunen si eiga drift, tilpasse oss det økonomiske handlingsrommet som Alver kommune til ei kvar tid rår over.

Aktiv kommunal deltaking i fellesrådet, gode møte med politisk leiing og rask respons frå administrasjonen på henvendinger frå kyrkja, har bidratt til at kommunen har vore ein god støttespelar for fellesrådet i det krevjande året vi no har bak oss.

Definisjonar:

TG3 – stort eller alvorleg avvik

Byggverket eller delen har totalt eller nært foreståande funksjonssvikt, eller
-Behov for strakstiltak. Fare for liv og helse.

TG2 – Vesentlig avvik

Byggverket eller delen er sterkt nedslitt eller har ein vesentleg skade eller vesentleg redusert funksjon i forhold til refransenivået. Punktvis stor slitasje og behov for lokale tiltak; eller

- kort gjenlevande brukstid
- mangelfullt eller feil utført arbeid
- mangelfullt eller feil vedlikehald

Forslag til vedtak

Fellesrådet tar presentasjonen av vedlikehaldsbehov i kyrkjene i Alver til orientering, og gjer vedtak om:

1. Verdibevarande vedlikehaldsplan

Fellesrådet er einig i forslag til 4-årig vedlikehaldsplan. Rådet støttar at Alver kommune får søknad om tilskot til vedlikehaldsplanen, kr 10 mill.-, fordelt over 4 år:

Prioritering 2022:

Hjelmås kapell	kr 195 000	
Hundvin kyrkje	kr 76 500	
Manger kyrkje	kr 2 176 000	
		sum kr 2 597 500

Prioritering for 2023:

Sæbø, Seim og Alversund kyrkjer		sum kr 3 405 000
---------------------------------	--	------------------

Prioritering 2024:

Askvik kapell, Hordabø og Myking kyrkjer		sum kr 2 716 000
--	--	------------------

Prioritering 2025:

Vike, Lindås og Manger kyrkjer		sum kr 1 384 000
--------------------------------	--	------------------

2. Investering i universell utforming

Fellesrådet ønsker fokus på universell utforming i alle kyrkjene. Rådet støttar at Alver kommune får søknad om investeringstilskot til universell utforming på kr 400.000,-

Administrasjonen får fullmakt til å prioritere dersom kommunen ikkje gir heile tilskotet.

3. Investering i varmestyring

Fellesrådet ønsker at det også skal bli varmestyring i alle dei resterande kyrkjene som treng det. Rådet støttar at Alver kommune får søknad om tilskot til investering i varmestyring på kr 500.000,-.

Administrasjonen får fullmakt til å prioritere dersom kommunen ikkje gir heile tilskotet.

ALVER KYRKJELEGE FELLESRÅD- PRIORITERT REKKEFØLGJE VEDLIKEHOLD TG3 og MALING

Anbefalt utførelse år	Navn kyrkje	Spesifiserte TG3-avvik	Kostnad TG3	Planlagt maling. Prisoverslag inkl stillas	Kommentar , tilleggsinfo
2022	Hjelmås Kapell	Sjå vedlagt spesifisert liste og rapport	kr 195 000,00	Inkludert i TG3 kostnad	Maling, råteskader
2022	Hundvin kyrkje	Sjå vedlagt spesifisert liste og rapport	kr 76 500,00	Heile kyrkja i 2028	Feil bære -konstruksjon
2022	Manger Kyrkje	Sjå vedlagt spesifisert liste og rapport	kr 2 176 000,00	kr 150 000,00	Kyrkjetårnet treng akutt reperasjon og maling
SUM 2022	kr 2 597 500,00				eks. mva
2023	Sæbø kyrkje	Sjå vedlagt spesifisert liste og rapport	kr 1 845 000,00	kr 450 000,00	Kyrkjetårnet treng akutt reperasjon
2023	Seim kyrkje	Sjå vedlagt spesifisert liste og rapport	kr 615 000,00	Inkl i TG3-kostnad	Rotne vindauga, kledning, malingslitt
2023	Alversund Kyrkje	Sjå vedlagt spesifisert liste og rapport	kr 95 000,00	kr 400 000,00	Roten kledning, knuste ruter
SUM 2023	kr 3 405 000,00				eks. mva
2024	Hordabø Kyrkje	Sjå vedlagt spesifisert liste og rapport	kr 2 041 000,00	kr 450 000,00	Kyrkjetårnet treng akutt reperasjon
2024	Myking kyrkje	Sjå vedlagt spesifisert liste og rapport	kr 175 000,00	Heile kyrkja i 2027	Rehabilitering mur med maling, roteskader dør/vindu
2024	Askvik kapell	Sjå vedlagt spesifisert liste og rapport	kr 50 000,00	Heile kyrkja i 2028	Utbedring beslag og takstein
SUM 2024	kr 2 716 000,00				eks. mva
2025	Vike kyrkje	Sjå vedlagt spesifisert liste og rapport	kr 124 000,00	kr 450 000,00	Roteskader
2025	Lindås kyrkje	Sjå eigen kommentar frå Bygg Team Vest	kr 160 000,00	kr 200 000,00	Ny kledning austvegg. Mangler lufting, begynnande sopp og rote. Maling austvegg
2025	Manger kyrkje			kr 450 000,00	Maling langsider og sidebygg
SUM 2025	kr 1 384 000,00				eks. mva

OBS!! PRISANE MÅ INDEKSREGULERAST KVART ÅR

TOTALSUM 2022-2025**kr 10 102 500,00**

eks. mva

Vedlikehald kyrkjer i Alver - oversikt TG 3

Myking	TG 3
P-plass universell tilkomst – asfaltering	95 000
Rehabilitering puss hovedbygg/våpenhus/stillas	75 000 + maling, evt . rehab.
Dør til bod råteskader/skifte	25 000
Karmbunner råteskader	30 000
Rustsprenging vindu	30 000
Takrenner/nedløp skifte	15 000
Sum	270 000

Hjelmås kapell	TG 3
Open lysgrav må sikrast	25 000
HC-rampe sakristi	40 000
Kledning delvis råteskade/skifte/male/stillas	170 000
Utvide HC-rampe	15 000
Sum	250 000

Hordabø	
HC-markering. Asfaltering	40 000
Lufting vannbord mot grunnmur	55 000
Råteskade hjørnekjøler, listverk, kledning	63 000
Hoveddør og hengsler råteskade	30 000
Punkterte ruter	40 000
Vindu sakristi/prestekontor/tårn	110 000
Lekkasje/råte/sopp tårn/sutak	1 700 000
Bærekonstruksjon tårn	15 000
Takrenner og nedløp	28 000
Sum	2 081 000

Sæbø	
HC tilgang asfaltering	60 000
Rustutslag kledning maling/rens	45 000
Omremming vindu /vannbord store råteskader	30 000
Skifte dårleg kledning – male + hengsler tårn	70 000
Byte vindu, karm sprosser i vest	80 000
Bytte vindu i tårn – store råteskader	210 000
Lekasje/råte/sopp tårn/sutak	1400000
Råte sperr	10 000
Sum	1 905 000

Manger:

HC parkering asfaltering	40 000
Vann i kjeller grøfting	30 000
Vannbord skiftes	50 000
Råte blindkjeler	10 000
Dør sakristi råteskader skiftes	25 000
Dør til kapell råte skiftes	15 000
Vindu tårn råte/skiftes	60 000
Vindu sakristi råte/ skiftes	20 000
Kitting/ skifte råte lister/maling sum alle	85 000
Lekkasje/råte spir skifte kopartekking	1 731 000
Tømrerarbeid tårn- bytte råte materialer	150 000
Sum	2 216 000

Seim:

HC park asfaltering	25 000
Skraping og maling, stillas	330 000
Bytte kantbjelke råte	55 000
Skifte kledning i gavl og tårn	50 000
Utvendige vindu/dører post 233	145 000
Reingjering tak	20 000
Takrenner	15 000
Sum	640 000

Alversund kyrkje:

Bytta roten kledning på tårn søraust og sørvest	80 000
Maling av ny kledning på tårn søraust og sørvest	
Montere håndlister kjellertrapp	20 000
Skifta knuste ruter	15 000
Sum	115 000

Hundvin kyrkje:

Rekkverk 2stk utvendige trapper sakresti	20 000
Rote dørbblad inngang våpen våpenhus	20 000
Feil i bærekonstruksjon tak. Forstering av sperr	50 000
Laus takrennedløp	1 500
Sum	96 500

Vike kyrkje:

Asfalt og HC-rampe	25 000
Dekkbord tak prestesakresti, skraping/maling	10 000
Kledning våpenhus og prestesakrestimå vaskast	15 000
Prestesakresti: Byte vannbord og kledning. Byte	
Hjørnekjøler, flikkmale	28 000
Rekkverk trapp , prestesakresti	12 000
Byte vindauga prestesakresti	15 000
Rehab av karm,sprosser, knuste ruter	30 000
Byte vindauga i tårn og nye lister	20 000
Montere layvryst på alle nedlaup	6 000
Sum	161 000

Sum TG 3 **7 734 500**

Då manglar vi Askvik, Øverås og Knarvik kyrkje

AKF- INVESTRERING 2022		
	TG3-arbeid for universell tilkomst	Kostnad varmestyring
Lindås kyrkje		kr 60 500,00
Myking kyrkje	kr 95 000,00	Har styring
Hundvin kyrkje	kr 20 000,00	kr 70 000,00
Seim kyrkje	kr 25 000,00	kr 71 000,00
Lygra Kyrkje		kr 97 000,00
Alversund Kyrkje	kr 20 000,00	kr 70 000,00
Knarvik Kyrkje		Har styring
Hjelmås Kapell	kr 55 000,00	kr 59 000,00
Askvik Kapell		Treng ikkje
Ostereidet kyrkje		Har styring
Øverås Kapell		Treng ikkje
Vike kyrkje	kr 37 000,00	kr 71 000,00
Meland Kyrkje		Har styring
Sæbø kyrkje	kr 60 000,00	Har styring
Manger Kyrkje	kr 40 000,00	Har styring
Hordabø Kyrkje	kr 40 000,00	Har styring
Sum	kr 392 000,00	kr 498 500,00



DEN NORSKE KYRKJA

Alver kyrkjelege fellesråd

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar	Klasse	Saksmappe	Gradering
John Fredrik Wallace		20/05262-5	Ugradert

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Alver kyrkjelege fellesråd	9/21	25.03.2021

Mandat for prosjektgruppe for ny kyrkje på Frekhaug

Vedlegg:

Saksprotokoll 23092020 Sak 35_20 Ny kyrkje Frekhaug- organisering

Saksframlegg

Sjå vedlegg, sak 35/20 i fellesrådet.

Dette er ei sak som blir behandla både i Meland sokneråd og Alver kyrkjelege fellesråd.

Prosjektgruppa har 5 medlemmer (jf sak 35/20)

- 1 Bent Gunnar Næss, repr fellesrådet
2. Grethe Lunde, repr fellesrådet
3. Bjørn Tore Sæle, repr Meland sokneråd
4. Aslaug Aalen, repr Meland sokneråd
5. Frank Rune Dale, repr Meland sokneråd

Opphavleg var det meininga at prosjektgruppa sjølve skulle utarbeide eit forslag til mandat, og så få det godkjent, men no er rekkefølga snudd. Det er greit.

Saka blei behandla i Meland sokneråd 25.02.21. Kyrkjeverja legg her til grunn same saksframstilling som blei presentert for soknerådet:

«Alver kyrkjelege fellesråd oppnemnte i 2020 ei prosjektgruppe som tok over ansvaret frå det tidlegare kyrkjeutvalet for ny kyrkje på Frekhaug. Bent Gunnar Næss vart utnemnt som leiar, men ønsker å trekke seg frå dette vervet. Frank Rune Dale er villig til å ta på seg rolla. Det er sakna eit mandat for gruppa. Framlegget til mandat nedanfor er ei omarbeiding av mandatet til kyrkjeutvalet, sidan det no er ein ny organisasjon som utnemner og gir gruppa mandat. Soknerådet kan kome med sitt framlegg som deretter vert handsama og evt vedteke i fellesrådet.

Det var tidlegare eit punkt om disponering av kyrkjefondet, men forslaget mitt er å ta dette ut no, og heller utarbeide framlegg til retningslinjer som eiga sak.

Det bør også vere tenkt på korleis sekretæroppgåva skal løysast, jf punkt 1 i mandatet.

Framlegg til mandat for prosjektgruppe for ny kyrkje på Frekhaug

1. Utnemning av medlemmer:

Alver kyrkjelege fellesråd oppretter ei prosjektgruppe for bygging av ny kyrkje på Frekhaug. Prosjektgruppa skal ha 5 medlemmer, med oppnemning frå både fellesrådet (2), og Meland sokneråd (3). Ein av representantane skal vere soknerådsmedlem og vere valt for valperioden i soknerådet. Soknepresten i Meland kan møte i utvalet etter behov, så sant soknepresten ikkje allereie er fast medlem. Leiar for utvalet vert valt for eitt år om gongen, og vert valt av fellesrådet.

Sekretær for gruppa vert valt mellom medlemmene.

- 2. Fellesrådet gir prosjektgruppa i oppdrag å utgreie spørsmålet om bygging av kyrkje (behov, storleik og funksjonar).*
- 3. Fellesrådet ber prosjektgruppa vurdere og finne fram til eventuelle samarbeidspartar.*
- 4. Prosjektgruppa blir bede om å la seg fortløpande oppdatere på utviklingsplanar i kommunen.*
- 5. Leiar i prosjektgruppa får fullmakt til å hente inn ressurspersonar undervegs.*
- 6. Prosjektgruppa får fullmakt til å avklare tomt; plassering, forhandling, kjøp, finansiering, for vidare vedtak i kyrkjelege og politiske organ.*
- 7. Grunnlagsmaterialet (romplanen) som prosjektgruppa arbeider fram, skal oversendast soknerådet. Soknerådet kan overprøva prosjektgruppa.*
- 8. Fellesrådet ber gruppa lage ein plan for informasjon kring prosjektet, og gruppa har hovudansvaret for å fronte kyrkjesaka på Frekhaug i forhold til media og andre.*
- 9. Fellesrådet kan endre mandatet etter som saka går vidare og gjer det naudsynt.*

Framlegg til leiar

Frank Rune Dale er villig til å ta på seg vervet. Soknerådet må ta stilling til om dei vil råde fellesrådet til å gjere han til leiar for prosjektgruppa. «

Meland sokneråd sitt vedtak i saka:

«Framlegg til mandat for prosjektgruppa for ny kyrkje på Frekhaug vert vedteke som det ligg føre og vert sendt til fellesrådet til endeleg vedtak.

Meland sokneråd støttar Frank Rune Dale som kandidat til leiarvervet.

Soknerådet ber om at kyrkjeverja tek ansvar for å skaffe utvalet sekretærhjelp frå administrasjonen.»

Kyrkjerverja noterer at soknerådet ber om sekretærhjelp, men han har ingen umiddelbar løysing.

Forslag til vedtak

Framlegg til mandat for prosjektgruppa for ny kyrkje på Frekhaug vert vedteke som det ligg føre.

Frank Runde Dale blir leiar for gruppa.



DEN NORSKE KIRKE

SAKS PROTOKOLL

Arkivsak-dok. 20/05262
 Arkivkode
 Saksbehandler John Fredrik Wallace

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Alver kyrkjelege fellesråd	23.09.2020	35/20

Ny kyrkje Frekhaug- organisering

Alver kyrkjelege fellesråd har behandlet saken i møte 23.09.2020 sak 35/20

Møtebehandling

Fellesrådet er einig i at dei tek hovudansvaret for vidare arbeid med ny kyrkje på Frekhaug.

Fellesrådet merka seg behandlinga i Meland sokneråd, og dei personane som var foreslått som medlemmar i ei felles prosjektgruppe. Etter ei samla vurdering vart det einighet om 5 personar, og at Bent-Gunnar leiar prosjektgruppa.

Votering

Einstemmig

Alver kyrkjelege fellesråds vedtak

Fellesrådet oppretter ei ny prosjektgruppe for bygging av kyrkje på Frekhaug. Prosjektgruppa skal ha medlemmer frå fellesrådet og Meland sokneråd. Den skal laga forslag til ein oppdatert prosjektplan, som skal bli vedtatt av fellesrådet.

Medlemmer

- 1 Bent Gunnar Næss, repr fellesrådet, leiar
1. Grethe Lunde, repr fellesrådet
2. Bjørn Tore Sæle, repr Meland sokneråd
3. Aslaug Aalen, repr Meland sokneråd
4. Frank Rune Dale, repr Meland sokneråd

Leiar i prosjektgruppa får fullmakt til å hente inn ressurspersonar undervegs.

Første oppgåve er å følgje opp kjøp av tomt.



DEN NORSKE KYRKJA

Alver kyrkjelege fellesråd

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar	Klasse	Saksmappe	Gradering
John Fredrik Wallace	700	21/01676-1	Ugradert

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Alver kyrkjelege fellesråd	10/21	25.03.2021

Prosjekt Ny gravplass Lindås - status

Saksframlegg

Lindås kyrkjelege fellesråd har i lang tid arbeidd med prosjekt for utviding av gravplassen på Lindås. Lindås kommune løyva investeringsmidler og Akasia AS blei engasjert som prosjektleiar.

Nye Alver kommune har opprettholdt vedtaket, og har bevilga pengar.

Alver kyrkjelege fellesråd behandla saken første gang 15.01.20, og gjorde vedtak:
«Alver kyrkjelege fellesråd tek orienteringa om prosjekt utvida gravplass på Lindås til vitande. Fellesrådet er positiv til prosjektet, og vil arbeide for at det skal bli gjennomført på ein god og effektiv måte.»

Så blei det søkt om rammeløyve i juni 2020, men planene blei ikkje godkjent, ma. fordi gamal postveg går gjennom gravplassen.

Etter dette har det vore mange møter, synfaring og utarbeiding av nye dokument. Det går sakte. Men, etterkvart har Akasia Eiendom AS meir eller mindre klargjort dokumenta til ny søknad. Kort fortalt er hovudendringa at vi går inn i ny gravplass frå nordsida, mens den første planen var inngang frå den gamle gravplassen på sørsida. Hovudintrykket er at dette er betre, på fleire måtar.

I tillegg er det nå teikna inn 10 plassar til muslimsk gravferd. Det kom politisk innspel, med spørsmål om kvifor muslimar må til Knarvik for å bli gravlagd? Vi gjorde kort prosess når planene uansett skulle bli endra. Vi trur ikkje dei plassane kommer til å bli brukt – erfaringa i heile Bergensområdet er at dei fleste muslimane ønsker å bli gravlagd saman med andre muslimar, på felles gravplass i Bergen. Men det er enkelt å omregulera dette området på Lindås seinare, dersom det blir behov for det.


Administrasjonen har drøfta dei nye planene, og med unntak av nokre justeringar vi ønsker å ta med, så er vi klare til å be Akasia om å sende ny søknad. Så er vi litt usikre på i kva grad sjølve fellesrådet ønsker å bli involvert i ny sakshandsaming? Når vi skriver denne saka så er det fordi vi meiner at fellesrådet i alle fall må bli orientert om status, evt at fellesrådet også går konkret inn i enkelt detaljar?

Det blir ofte spørsmål om det er nok ledige graver dersom ny gravplass blir forsinka. Svaret er ja. I følgje tilsette som administrerer gravferd så er det i alle fall om lag 50 graver å gå på (både nye og gjenbruk). Det er nok for ei stund.

Vedlagt denne saka er ei ny illustrasjonsplan. Andre papirer kan vi ta med til fellesrådsmøtet, eller vi kan sende til dei som vil ha dei til seg

Forslag til vedtak

Fellesrådet tok orienteringa til vitande



Teiknforklaring

- Tiltalesgrense
- Fase 2 grense
- Eiendomsgrænse
- Eke / nye kottar
- Internveg
- Kistegrav 3 x 1.5 m
- Urnegrav NMLL 0.5 x 0.5 m
- Rekkverk
- Gjerde / port
- Tekt oppmerking
- Nye Grassesal
- Nytt buskfelt
- Nye tre
- Grensse SV planforslag
- Ny utleiplass
- Tineskrumuttak
- Retning mot Mekka
- Orientering av M felt
- Trapp
- Sikretkant kryss
- Kollsvegen
- Kokkeskapp
- Gravplass skilt
- Lysmast, tidstøyt



U	Revidert tilkomst til Kollsvegen, ny driftsplass og P-Plass	10.03.2021	EB
T	Revidert teknisk utleiplass og parkering	28.02.2021	EB
A	Nåværende rettskild, oppdragsgjører namn	13.01.2020	EB

Lindås gravplass		Alver kyrkelykke fellesråd	
Revidert tilkomst til Kollsvegen	28.02.2021	1:500	EB A1
Ny driftsplass og parkering	2024		EB
			LNO1551

Akasia Arkitekt og landskapsarkitekt 5845 Yre Løvevåg	L202	C
---	------	---



DEN NORSKE KYRKJA

Alver kyrkjelege fellesråd

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar	Klasse	Saksmappe	Gradering
John Fredrik Wallace	400	21/01678-1	Ugradert

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Alver kyrkjelege fellesråd	11/21	25.03.2021

Orientering om felles kyrkjeblad i Alver

Vedlegg:

Årsmelding felles kyrkjeblad. 2020

Rekneskap felles kyrkjeblad. 2020

Saksframlegg

Felles kyrkjeblad har no med seg arbeidet i sokna Knarvik, Meland, Osterfjorden, Mo og Radøy. Lindås sokn har framleis sitt eige kyrkjeblad.

Fellesrådet har ikkje ei naturleg rolle i dette arbeidet i dag. Men korleis dette bladet profilerer kyrkja, dei tilsette og arbeidet i kyrkjelydane, bør likevel vera av stor interesse også for fellesrådet.

Gunvor Manger er redaktør i bladet. Ho er spurt om å komme på fellesrådsmøte 25.03, for å fortelja om bladet sine planar og utfordringar framover.

Bladet si årsmelding er rekneskap for 2020 er lagt ved innkallinga - så treng ikkje Gunvor å bruke tid på det på møtet.

Forslag til vedtak

Fellesrådet tok orienteringa om felles kyrkjeblad til orientering

ÅRSMELDING 2020

Felles kyrkjeblad for Knarvik sokn - Kyrkjekontakten, Meland sokn - Kontakt, Osterfjorden og Mo sokn – Kyrkjegløtten og Radøy sokn - Radar

Det vart gjeve ut fire nummer av blada også i 2020. Radøy sokn kom med frå nummer fire. Fellessidene i blada vart planlagt av ei redaksjonsnemnd med medlemmer frå dei lokale redaksjonsnemndene til blada. I 2020 var desse med: Geir Øy, Øystein Skauge, Anne Sofie N. Uthaug, Solveig Westermoen (andre halvår), Gunnar Kartveit (nr 4/20) og Gunvor Taule Mjanger. Sistnemnde er redaktør for bladet.

Der var åtte sider med felles stoff i blada, og åtte med lokalt stoff. Fast innhald i fellessidene var *Frå kyrkjenbenken*, *Oppskrift og Andakt*. Kulturkalendaren gjekk ut grunna koronatiltaka. Tilbakemeldingane på bladet har vore positive.

Det er i 2020 gjort noko arbeid for å få fleire annonsørar til fellessidene. Ein av sju annonsørar har sagt opp avtalen ved inngangen til 2021, to nye har kome til. Kontakt har mista ein av sine annonsørar på lokalsidene, dei andre blada har behalde sine.

Styret for det felles bladet i 2020 var: Tove Sneås Skauge, Aslaug Aalen, Anne Berit Eknes og Lars Bjarte Nesheim. Arve M. Haugland frå Radøy sokn kom med frå september.

Det vart lagt ved giro i eitt nummer av blada i 2020, med unnatak av Kyrkjekontakten som hadde giro i to blad. Inntektene frå desse viser ein gledeleg auke i 2020.


Rekneskapen for Kyrkjekontakten og Kyrkjegløtten viser overskot for 2020, Kontakt har eit lite underskot og Radar eit noko større underskot. Økonomien for blada er ein del av sokneråda sine totale rekneskapar. Ei oversikt ligg ved årsmeldinga.

Inntektene frå annonsene i fellesdelen dei tre første nummera vart delte på tre, i nummer fire vart dei delte på fire. Utgiftene til grafisk utforming vert delte på fire, utgiftene til trykking vert fordelte etter kor mange blad som vert trykt.

Knarvik, 23.02.2020



Aslaug Aalen



Anne Berit Eknes



Tove Sneås Skauge



Arve M. Haugland

Lars Bjarte Nesheim (sign.)

FELLES KYRKJEBLAD ØKONOMISK OVERSIKT 2020

Kvart kyrkjeblad har eigen økonomi. Fellesinntekter, dvs annonser i fellesdelen, vert delte på fire frå nr 4/20. Kostnader til grafisk design vert delte på fire, alle blada har same sidetal. Kostnader til trykking vert fakturert pr blad.

Meland sokn

Kontakt

Inntekter:	2018	2019	2020
Bladpengar	13 417,-	9 786,-	21 413,-
Annonser lokal del	19 000,-	18 000,-	20 000,-
Annonser felles del	24 500,-	20 000,-	16 500,-
div.		1 793,-	

Utgifter:

Grafisk design	17 718,-	9 843,-	8 837,-
Trykking	29 918,-	29 438,-	33 644,-
Distribusjon	15 304,-	15 304,-	18 311,-
Honorar, anna	8 088,-	6 562,-	
Del av fellesutg. 575,-	- 14 686,-	- 11 568,-	- 2 879,-

Alversund, Seim og Lygra sokn, frå 2020 Knarvik sokn

Kyrkjekontakten

Inntekter:

Abonnement	12 242,-		
Gåver	12 087,-	Gåver/ab	20 478,-
Annonser lokal del	26 000,-		26 079,-
Annonser felles del	24 500,-		18 000,-
			22 000,-
			16 500,-

Utgifter:

Grafisk design	17 718,-	9 843,-	8 837,-
Trykking	40 131,-	37 397,-	31 552,-
Del av fellesutg. 575,-			div. 1 580,-
	+ 16 405,-	11 238,- *	22 610,-

Osterfjorden og Mo sokn

Kyrkjegløtten

Inntekter:

Abonnement/offer	24 095,-	Abonnement	10 795,-	18 637,-
Annonser lokal del	25 000,-		24 000,-	22 000,-
Annonser felles del	24 500,-		20 000,-	16 500,-

Utgifter:

Grafisk design	17 718,-	9 843,-	8 837,-
Trykking	18 546,-	18 546,-	15 984,-
Porto	3 462,-	2 739,-	764,-
Del av fellesutg. 575,-	+ 33 294,-		
		Bilete 980,-	
		Kurs 3 125,-	
		19 562,-	31 552,-**

*Knarvik sokn administrerte fakturering og deling av inntektene på annonsene i fellesdelen. Overføringa til dei to andre sokna for 2018 skjedde ikkje før i 2019, eigen rekneskap vil difor visa andre tal enn dette.

**

Mo sokn skal ha 35 % av overskotet. Dei dekkjer tilsvarende prosent av underskotet dei åra det vert resultatet.

Radar

Inntekter	
Annonser og bladpengar	17 797,-
Utgifter	
Grafisk design, trykking og distribusjon	28 137,-
	-10 340,-

Radar gav ut berre to nummer i 2020, dei var med på felles blad nr 4/20.